



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Magnus Snøtun
Telefon: 57655012
E-post: msn@fmsf.no

Vår dato
31.01.2011
Dykkar dato
08.12.2010

Vår referanse
2010/15781 - 560
Dykkar referanse

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Uttale - ny lov om elsertifikater

Sogn og Fjordane har mange anlegg som produserer fornybar energi per i dag. Det er også eit stort potensial for utvikling av nye kraftanlegg i fylket, særleg vasskraft og vindkraft. Etter 2004 har det vore ein markert auke i talet på saker (særleg små vasskraftverk) som har kome inn for handsaming. I 2007 og 2008 hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kring 40 saker til handsama per år. Dei siste par åra har det vore ein auke i talet av større saker som er under handsaming, mens talet på små kraftverk har vorte redusert. Fleire prosjekt, særleg dei små, ligg truleg på vent i med tanke på innføring av elsertifikater.

Ordninga med elsertifikater er planlagt teknologinøytralt, uavhengig av storleiken på anlegg og utan vurdering av eventuelle konsekvensar knytt til anlegg. Etter §6 i lovframlegget er kriterium for rett til elsertifikat sett til at kraftproduksjonen er fornybar, byggestart etter ein viss dato og at anlegget kan måle produksjonen. Då det ikkje ligg kriterium knytt til konsekvensar for allmenne interesser, er det rett at nemninga "elsertifikat" vert nytta i staden for "grøne sertifikat".

Formålet med ordninga er å stimulere til meir ny fornybar kraftproduksjon. Utgangspunktet for å innføre ei sertifikatordning er forankra i klimaforliket i Stortinget. Som det vert omtala i høyringsnotatet skal ikkje ordninga påverke vanleg konsesjonshandsaming. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil difor understreke prioriteten med å ivareta også andre samfunnsinteressene knytt til kraftanlegg. Det er viktig at målsetjinga om ny fornybar produksjon ikkje går ut over den offentlege sakshandsaminga som blant anna vurderer effektane på miljø og allmenne interesser. Stimulering til bygging av nye kraftanlegg vil legge beslag på nytt areal og nye naturressursar. Dette aukar viktigheita av overordna vurderingar av miljøeffektane og sumeffektar. Auka utbyggingspress aukar behovet for å betre det generelle kunnskapsgrunnlaget og at det vert utvikla metodikk for vurdering av sumeffektar.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Magnus Snøtun
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj